



**Dette blir eit større problem for kvart år.  
Det innrømmer ein av dei handlande i bygda når  
uskedalen.no spør kven ein skal gå til for å få tak i potetkakar til jul.**

Og det er så sant som det er sagt. Førebelse sjekkrunder bringer for dagen at dei to i bygda som tidlegare produserte potetkakar (eller lefser som er det rette ordet for ein austlending) enten har troppa ned eller har lang venteliste, Og no er det altfor seint å koma med bestillingar. Andre som vi har hatt kontakt med driv mykje med baking, men ikkje av potetkakar.

Så difor er vårt krevjande spørsmål: Kan det melda seg nokon som driv med baking av potetkakar eller som veit om nokon? Dei må gjerne bu i Omvikdalen eller Herøysund, for den del.

Og til opplysning om kva saka gjeld, bringer vi eit bilete frå eit kurs i lefsebaking ein annan stad i landet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen